# Følgeskriv til opplegg

# Tema: Fjorden – frå Leikanger

| |
|---|
| Hvilken skole har delt opplegget?<br>Leikanger ungdomsskule |
| Fag/tema:<br>Naturfag/tverrfagleg opplegg |
| Anbefalt omfang:<br>4-5 veker i august og september |
| Forankres i følgende mål (nasjonale læreplaner etc.):<br>Naturfag:<br>• Trekke ut og bearbeide naturfaglig informasjon fra tekster i ulike medier og lage en presentasjon<br>• Planlegge og gjennomføre undersøkelser i minst ett naturområde, registrere observasjoner og systematisere resultatene<br>• Undersøke og beskrive blomsterplanter og forklare funksjonene til de ulike plantedelene med tekst og illustrasjon<br>Samfunnsfag:<br>• Skrive ein samfunnsfagleg/naturfagleg tekst ved å bruke relevante fagomgrep og fleire kjelder. Geografi<br>• Fortelje om hovudtrekk ved samfunnsutviklinga i Noreg knytt til bruken av fjorden<br>Norsk:<br>• Skrive fagartiklar med klart uttrykt tema og skape samanheng mellom setningar og avsnitt<br>• Skrive forteljande tekstar og tilpasse eigne tekstar til føremålet og mottakaren.<br>• Velje ut og vurdere informasjon frå bibliotek og digitale informasjonskanalar.<br>Kunst og handverk:<br>• Bruke ulike grafiske teknikker i eget arbeid gjennom å lage landart.<br>• Fotografere og manipulere bilder digitalt og reflektere over bruk av motiv og utsnitt |
| Kort beskrivelse av opplegget (hva og hvordan)<br><br>Eit tverrefagleg temaarbeid om fjorden i august og september. Vi jobbar med tema som dreiar seg om planter og dyr i strandsona. Vi jobbar òg med å få elevane til å skjøne kor viktig fjorden har vore for kommunikasjon og matauk.<br><br>Alle elevane skreiv ein fagartikkel knytt til faga naturfag, samfunnsfag og norsk. Her er tema som elevane skreiv om i år:<br>- Sognefjorden<br>- Leikanger før og no<br>- Endringar i busetnad frå steinalderen til i dag<br>- Brislingfiske i Sognefjorden<br>- Fiskar i fjorden<br>- Plantene i fjorden<br>- Isebrear<br>- Livet i Sognefjorden<br><br>Alle elevane hadde landart som tema og laga kunstverk knytt til fjorden. |

Leikanger jakt-og fiskelag pleier å vera med på temaarbeidet. Dei sett garn saman med elevar og dreg garna, sløyer fisk og samlar ulike fiskeartar og andre levande vesen i ein stor balje som elevane kan studera. Elevane er med på å tilberede fisk saman med ein kokk som òg er med i jakt- og fiskelaget.

Sjå elles meir utfyllande informasjon i vedlegget kalla *Fjorden baby!*

Anbefalte ressurser:

Leikanger jakt- og fiskelag, som vi er i ferd med å lage ein partnarskapsavtale med når det gjeld samarbeid om fjorden og om andre opplegg. I jakt- og fiskelaget er det òg med pensjonistar som hjelper til.

Hvilke erfaringer har skolen med opplegget (fra lærere, elever, foreldre etc)

- Det er positivt å kome ut av klasserommet og lære noko praktisk som for eksempel å fiske og, sløye fisk, finne tang og tare og lage mat av det ein finn i fjorden.
- Det er veldig fint å få innspel og kunnskap frå jakt- og fiskelaget som stiller opp med ekspertise på fisking og matlaging.
- Det er ein fin kombinasjon med teori og praktisk arbeid.
- Sidan skulen ligg like ved fjorden er det lett å organisere aktivitetar knytt til temaet.

Last opp rapporten i Canvas, og merk den med: Delt opplegg «+dato»